

**Godtgjersle for privat skoleskyss**

Fylkeskommunen nyttar staten sine satsar for køyregodtgjersle. Køyregodtgjersla må innrapporterast som løn til likningsmyndigheitene, men refusjon som er innafor staten sine satsar for reisegodtgjering er skattefri. Ved godtgjersle over staten sine satsar, vil delen av utbetalinga som overstiger satsane blir rekna som honorar og vil vere skattepliktig. Skattetrekk inntreff oftast ved korte køyreavstandar godtgjort med ein fast mistesats pr tur. Sjå eksempel nedanfor.

Staten sine satsar:	Bil	kr 3,65 pr km inntil 9000 km – deretter kr 3,00 pr km
	Passasjer	kr 0,90 pr km for kvar passasjer
	Utlegg	Bompenge, ferje m.m. (skal vere dokumentert)
Minstesats:		Kr 75 pr tur

Eksempel på refusjon - forsyntar som køyrer ein elev:

Minstesats hausthalvåret (kr 75 x 2 tur/retur) x 87 dagar		= kr 13.050
Delen av refusjonen som er skattefri godtgjersle (5 km ein veg x 2 tur/retur) x 2 morgon/ettermiddag x 87 dagar x (kr 3,65 + kr 0,90)		= kr 7.917
Skattepliktig del (honorar)	kr 13.050 – kr 7.917	= kr 5.133

Utbetaling og skatt

Skyssutøvarar som mottek køyregodtgjersle blir registrert og får utbetalinga via Hordaland fylkeskommune sitt lønssystem. I den samanheng må dei som reknar med å få skattetrekk sende inn skattekort (del 2) snarast råd. Utan skattekort vil det bli trekt 50% skatt av honorardelen, jf. Skatteloven.